

Til elevar og føresette

Informasjon om obligatorisk kartleggingsprøve i rekning for Vg1

Det skal gjennomførast ei obligatorisk kartleggingsprøve for alle elevar på Vg1 hausten 2009.

Kva er kartleggingsprøver?

Føremålet med kartleggingsprøvene er at skolen og lærarane skal få oversikt over kva for elevar som har svake ferdigheiter og treng ekstra oppfølging. Informasjon frå prøvene skal gi skolen og læraren eit betre grunnlag for å setje i verk tiltak på eit tidleg tidspunkt i vidaregåande opplæring.

Det er utarbeidd rettleiingsmateriell til lærarane i tilknytning til prøva som beskriv korleis resultatata kan følgjast opp i klasserommet.

Elevar på Vg1 skal gjennomføre kartleggingsprøve i rekning. Prøva er elektronisk, og prøveperioden er veke 35–36 (24. august–4. september). Nærmare tidspunkt for prøvegjennomføringa bestemmer den enkelte skolen.

Kva slags oppgåver skal elevane løyse?

Kartleggingsprøva er ei prøve i rekning som grunnleggjande ferdigheit, og oppgåvene er laga på bakgrunn av læreplanane for 10. steget. Det er altså ikkje ei prøve i faget matematikk, men i rekning som ei integrert ferdigheit i alle fag.

Kven får tilgang til resultatata?

Resultata skal først og fremst brukast av lærarane og skolen i tilrettelegginga av opplæringa slik at elevane får utbytte av vidaregåande opplæring.

Skolen skal gi eleven tilbakemelding på prøveresultatet. Dette kan vere utgangspunktet for ein samtale mellom lærarar og elevar i ein tidleg fase av vidaregåande opplæring.

Meir informasjon

Meir informasjon om kartleggingsprøvene finst på nettsida til

Utdanningsdirektoratet www.udir.no/kartleggingsprover

Meir om læreplanverket for Kunnskapsløftet finst på www.udir.no/grep

Skolen er ansvarleg for å gi detaljert informasjon om avviklinga av kartleggingsprøva på din skole.

Med vennleg helsing
Utdanningsdirektoratet